



Øystre Slidre kommune

Saksframlegg

ArkivSak: 26/1121
ArkivID: K2-A19, K1-223
Saksbehandlar: Inger Gjølga

Saksnr.	Utval	Møtedato
46/26	Formannskapet	20.08.2026

Fastsetting av lokal forskrift om tilskotssatsar til private barnehagar

Vedlegg:

12.08.2026	Utkast til lokal forskrift om satsar for berekning av grunntilskot	320031
12.08.2026	Berekning tilskot private barnehagar ØSK 2027	320030
12.08.2026	Høyringsnotat berekning tilskot private barnehagar 2027	320029

Tilråding

Forslag til lokal forskrift om tilskotssatsar til private barnehagar i Øystre Slidre kommune for 2027 vert lagt ut på høyring.

Høyringsperioden er 7 veker, med høyringsfrist 9.oktober.

Bakgrunn for saka

Frå og med tilskotsåret 2027 skal kommunen fastsetja satsar for grunntilskot til private barnehagar i lokal forskrift.

Barnehagelova §§ 19 a–19 c gir heimel for reglar om kommunalt tilskot til private barnehagar, og den nye finansieringsforskrifta er fastsett med heimel i desse føresegnene. Etter finansieringsforskrifta § 1 skal kommunen gi forskrift om satsar for berekning av grunntilskot til private barnehagar. Dette inneber ei endring frå tidlegare ordning, der tilskotssatsane i hovudsak vart fastsette gjennom enkeltvedtak.

Saksopplysningar

Etter finansieringsforskrifta § 1 skal forskrift om satsar og enkeltvedtak om pensjonstilskot som hovudregel fastsetjast innan 31. oktober året før tilskotsåret. For første året med ny ordning er det fastsett ei overgangsregel som gjer at fristen for å fastsetja lokal forskrift for tilskotsåret 2027 er 30. november 2026.

Etter finansieringsforskrifta § 1 skal kommunen gi forskrift om satsar for utrekning av grunntilskot, og eventuelt ekstra grunntilskot dersom kommunen har halde visse utgifter utanfor utrekningss grunnlaget etter barnehagelova § 19 a andre ledd. Når satsane skal fastsetjast i forskrift, må kommunen følgja reglane i forvaltningslova kapittel VII om forskrifter. Det inneber mellom anna at framlegg til forskrift skal sendast på høyring. Etter at høyringsfristen er ute, og høyringsinnspel er vurderte, vert endeleg framlegg til forskrift lagt fram for kommunestyret til endeleg vedtak. Ei fastsett lokal forskrift skal kunngjerast i Lovdata.

I Øystre Slidre kommune har vi ein privat barnehage, Heggebø Friluftsbarnhage. Det skal fastsetjast ein sats for barn over tre år og ein sats for barn under tre år.

Kommunen har nytta KS og PBL sin utrekningsmodell som grunnlag for utrekning av satsar og dokumentasjon.

Vedlagte utrekningsmodell viser forutsetninger, korrigerte rekneskapspostar og utrekna satsar per heiltidsplass for barn over tre år og barn under 3 år.

Vurdering

Kommunen har nytta KS og PBL sin modell som grunnlag for utkreking av satsar og dokumentasjon. Det er utarbeidd satsar for grunntilskot per heiltidsplass for barn 0-2 år og 3-6 år.

Kommunen sine meirutgifter og meirinntekter til barn av flyktingar er haldne utanfor utrekninga av satsar for grunntilskot, jf. barnehagelova § 19a andre ledd. Dette fordi omfanget av busette flyktingar og behov for tolk og annan særskilt oppfølging kan variere mykje frå år til år og barnehage til barnehage.

Private barnehagar med tilsvarande behov i barnegruppa, vil ha rett til ekstra grunntilskot jf. barnehagelova § 19a andre ledd.

Kommunedirektøren tilrår følgjande satsar per heiltidsplass for ekstra grunntilskot for 2027:

Ekstra grunntilskot	0-2 år	3-6 år
Barn av flyktingar i 1. busettingsår	Inntil kr 28.900,- per barn ut frå dokumenterte utgifter	Inntil kr 28.900,- per barn ut frå dokumenterte utgifter

Sats for ekstra grunntilskot er utrekna frå barnehagetilskot kommunen får frå integrerings- og mangfaldsdirektoratet.

Det er utarbeidd høyringnotat med utfyllande informasjon og forslag til lokal forskrift om satsar for utrekning av grunntilskot for private barnehagar. Dokumenta er vedlagte saka.

Formannskapet 20.08.2026:

Behandling:

Samrøystes vedteke.

FS- 46/26 Vedtak:

Forslag til lokal forskrift om tilskotssatsar til private barnehagar i Øystre Slidre kommune for 2027 vert lagt ut på høyring.

Høyringsperioden er 7 veker, med høyringsfrist 9.oktober.